



MED TØMMEKALENDER FOR JANUAR - JUNI 2017

Kjeldesortering i jula



Til: Husstanden
Frå: FjellVAR
Gratis levering av julepapir
og juletre i januar

Levering av juleemballasje og juletre vil vere gratis i januar 2017. Tilbodet gjeld for privatkundar som er busette i Fjell kommune og Øygarden kommune.

Julen fører gjerne med seg litt ekstra avfall. Etter at gåvene er pakka ut, sit du gjerne igjen med eit lite «hav» av julepapir, gaveband, papp, isopor og plast som du må kvitte deg med.

Då er det greitt å vite at du kan levere juleemballasjen gratis til gjenbruksstasjonen på Straume. Du kan òg få ein julesekk hos oss om du har masse julepapir.

Bla om og les meir om korleis du sorterar best mogleg i jula.

Julekalender

Bli med og vinn!

Alle som likar Facebook-sida vår er med i trekninga av kinogåvekort kvar dag fram til 23. desember.

FØLG OSS PÅ FACEBOOK



Resertifisert i 2016

FjellVAR AS har som mål å vere den fremste miljøverksemda i Fjell kommune. Vi har vore Miljøfyrtårnverksemd sidan 2004.

Å vere Miljøfyrtårn-verksemd inneber systematisk arbeid med miljøtiltak i kvardagen. Verksemda må oppfylle kriterium og gjennomføre tiltak for meir miljøvennleg drift og godt arbeidsmiljø. FjellVAR AS er spesielt stolte over det arbeidet som som organisasjonen og våre tilsette har gjort innan energi, avfallshandtering og arbeidsmiljø.

Trangt i Bruktbua

Vi har dessverre ikkje plass og mogelegheit til å ta imot alt som folk ønskjer å setje i bruktbua vår på gjenbruksstasjonen. Mange større gjenstandar som kan seljast, går derfor i containerane. Vi vil oppfordre alle som skal kvitte seg med større gjenstandar som er i god stand og kan seljast, om å ta kontakt med **NMS Gjenbruk** på Møvik eller **Bruktbutikken** i Idrettsvegen 10 på Straume.



FjellVAR har inngått eit samarbeid med Basecamp. Syklar som blir leverte på gjenbruksstasjonen, gir vi vidare til ungdomstiltaket Basecamp RePro. RePro set syklane i stand og sel dei vidare.

Hjelp renovatøren! Takk for at du brøytar og strør

Skal bossbilen kunne køyre trygt, er det viktig at veggen blir moka og strødd ved snøfall. Også snuplassar må mokast og strøast. Sjøføren kan late vere å køyre strekinga dersom han meiner vegbana er for glatt.

Hugs å

- moke snø av loket og rundt spannet (pass på at loket ikkje frys fast)
- parkere slik at bossbilen kjem fram
- leggje litt avisopapir eller eggekartong i botnen av matavfallsspannet, så ikkje avfallet frys fast.



Slik sorterer du juleavfallet

Gåvepapiret, gåveband og blandingsemballasje samlar du i ein sekk som du tar med til gjenbruksstasjonen og leverer som restavfall. Rein papp, isopor og plast sorterst i eigen container på stasjonen. Tar du med juletreet, så får du levere det også gratis.

Julesekken

Du kan òg bruke julesekken vår. Spør på gjenbruksstasjonen eller i ekspedisjonen vår i Lonavegen etter ein gratis sekk. Den kan du fylle med gåvepapir og gåveband, set sekken ut ved første restavfallstømming etter jul.



Matavfall

Julematen er feit, og om du heller alt i vasken, kan dette skape problem når feittet størknar ved avkjøling. Lat heller feittet få stå i kjelane til det stivnar, og skrap det ut. Feittet er fint å ha i komposten eller i matspannet.

Glas og metall

Sildeglas, ansjosboksar, gløggflasker, boksar, vinflasker, utbrente telys, telyshaldarar (tomme) av metall kan du levere til eit av FjellVAR sine returpunkt.

Hushaldningsplast

Reingjer skitten plast før du kaster den i sekken, då unngår du lukt. Plast som er forureina eller har sterk lukt er restavfall.

Farleg avfall/EE-avfall

Snøsprayboksar, parafinrestar, batteri, juletrelys, elektriske julenissar leverar du på gjenbruksstasjonen.

Tøyinnsamling

I samband med jula vil vi nok ein gong gjøre merksam på at kasserte og brukbare tekstilar kan leverast til Fretex og UFF sine innsamlingspunkt i kommunen. Ulike sekkar for utslitne/kasserte tekstilar og brukbare tekstilar får du hos oss i Lonavegen.



OBS!

Avfall frå fyrverkeri kan innehalde restar av eksplosivar, og skal ikkje kastast i bosset. Det kan føre til stor brannfare på sorteringsanlegget. Ubrukt fyrverkeri kan leveres tilbake til forhandlar eller til politiet.



TØMMEKALENDER 1. JANUAR – 30. JUNI 2017

	Papir-/plastsekk
	Restavfall
	Matavfall

1-18 Sonenr. Mitt sone nr: _____

Min tømmedag for mat-/restavfall: _____

Min tømmedag for papir/plastavfall: _____

Opningstider gjenbruksstasjonen
 Lonavegen 20, Straume



Mandag 10-19
 Tysdag, onsdag, fredag 10-15
 Torsdag 10-19
 Laurdag 09-16
 Laurdag, vintertid (okt-feb) 10-15

Kalendaren finn du og på
www.fjellvar.as


JANUAR				FEBRUAR				MARS				APRIL				MAI				JUNI							
1 SØ	1. NYÅRS DAG			1 ON	2	2,6	2,6	1 ON	2	6,2	6,2	1 LØ				1 MA	OFF. HØGTIDSDAG			1 TO	17	17,16	9,10,17,16				
2 MA	8	12,8	12,8	2 TO	10	9,10	9,10	2 TO	10	9,10	9,10	2 SØ				2 TY	7,4	7,4	2 FR	13	13,5	1,11,13,5					
3 TY	3	14,3	14,3	3 FR	11	1,11	1,11	3 FR	11	1,11	1,11	3 MA	4	4	3 ON	18	18,15	18,15	3 LØ	1. PINSEDAG							
4 ON	2	6,2	6,2	4 LØ				4 LØ				4 TY	7	7	4 TO	17	17,16	17,16	4 SØ	2. PINSEDAG							
5 TO	10	9,10	9,10	5 SØ				5 SØ				5 ON	18	18,15	18,15	5 FR	13	13,5	13,5	5 MA	14,12 14,3,12,8 14,3,7,12,8,4						
6 FR	11	1,11	1,11	6 MA	4	4	6 MA	4	4	6 MA	4	4	6 TO	17	17,16	17,16	6 LØ				6 TY	6	6,2	6,2,18,15			
7 LØ				7 TY	7	7	7 TY	7	7	7 TY	7	7	7 FR	13	13,5	13,5	7 SØ				7 ON	9	9,10	9,10,17,16			
8 SØ				8 ON	18	18,15	18,15	8 ON	18	18,15	18,15	8 LØ				8 MA	12	12,8	12,8	8 TO	1	1,11	1,11,13,5				
9 MA	4	4	9 MA	12	12,8	12,8	9 TO	17	17,16	17,16	9 TO	17	17,16	17,16	9 TY	14	14,3	14,3	9 FR				9 FR	1	1,11	1,11,13,5	
10 TY	7	7	10 TY	14	14,3	14,3	10 FR	13	13,5	13,5	10 FR	13	13,5	13,5	10 ON	6	6,2	6,2	10 LØ				10 LØ				
11 ON	18	18,15	18,15	14 TY	14	14,3	14,3	11 LØ				11 LØ				11 TO	9	9,10	9,10	11 SØ				11 SØ			
12 TO	17	17,16	17,16	15 ON	6	6,2	6,2	12 SØ				12 SØ				12 FR	1	1,11	1,11	12 MA	4	4	12,8,4	12 MA	4	4	12,8,4
13 FR	13	13,5	13,5	16 TO	9	9,10	9,10	13 MA	12	12,8	12,8	13 TO	SKJÆRTORS DAG			13 LØ				13 TY	7	7	14,3,7	13 TY	7	7	14,3,7
14 LØ				17 FR	1	1,11	1,11	14 TY	14	14,3	14,3	14 FR	LANGFREDAG			14 SØ				14 ON	15	18,15	6,2,18,15	14 ON	15	18,15	6,2,18,15
15 SØ				18 LØ				15 ON	6	6,2	6,2	15 LØ	PÅSKAFTAN			15 MA	4	4	4	15 TO	16	17,16	9,10,17,16	15 TO	16	17,16	9,10,17,16
16 MA	12	12,8	12,8	19 SØ				16 TO	9	9,10	9,10	16 SØ	1. PÅSKEDAG			16 TY	7	7	7	16 FR	5	13,5	1,11,13,5	16 FR	5	13,5	1,11,13,5
17 TY	14	14,3	14,3	20 MA	4	4	4	17 FR	1	1,11	1,11	17 MA	2. PÅSKEDAG			17 ON	GRUNNLOVSDAG			17 LØ				17 LØ			
18 ON	6	6,2	6,2	21 TY	7	7	7	18 LØ				18 TY	7,4	7,4	7,4	18 TO	15,16	17,16,18,15	17,16,15,18	18 MA	8	12,8	12,8,4	18 MA	8	12,8	12,8,4
19 TO	9	9,10	9,10	22 ON	15	18,15	18,15	19 SØ				19 ON	15,9	18,15,9,10	18,15,9,10	19 FR	5	13,5	13,5	19 TO	3	14,3	14,3,7	19 TO	3	14,3	14,3,7
20 FR	1	1,11	1,11	23 TO	16	17,16	17,16	20 MA	4	4	4	20 TO	16,1	17,16,1,11	17,16,1,11	20 LØ				20 TY	2	6,2	6,2,18,15	20 TY	2	6,2	6,2,18,15
21 LØ				24 FR	5	13,5	13,5	21 TY	7	7	7	21 FR	5	13,5	13,5	21 SØ				22 MA	8	12,8	12,8	22 MA	8	12,8	12,8
22 SØ				25 LØ				22 ON	15	18,15	18,15	22 LØ				22 MA	8	12,8	12,8	23 TO	10	9,10	9,10,17,16	23 TO	10	9,10	9,10,17,16
23 MA	4	4	4	26 SØ				23 TO	16	17,16	17,16	23 SØ				23 TY	3	14,3	14,3	23 FR	11	1,11	1,11,13,5	23 FR	11	1,11	1,11,13,5
24 TY	7	7	7	27 MA	8	12,8	12,8	24 FR	5	13,5	13,5	24 MA	12	12,8	12,8	24 ON	2	6,2	6,2	24 LØ				24 LØ			
25 ON	15	18,15	18,15	28 TY	3	14,3	14,3	25 LØ				25 TY	14	14,3	14,3	25 TO	KR. HIMMELFARTSDAG			25 TO				25 SØ			
26 TO	16	17,16	17,16	29 ON	2	6,2	6,2	26 SØ				26 ON	6	6,2	6,2	26 FR	11,1	1,11,9,10	1,11,9,10	26 MA	4	4	12,8,4	26 MA	4	4	12,8,4
27 FR	5	13,5	13,5	30 TO	10	9,10	9,10	27 MA	8	12,8	12,8	27 TO	9	9,10	9,10	27 LØ				27 TY	7	7	14,3,7	27 TY	7	7	14,3,7
28 LØ				31 FR	11	1,11	1,11	28 TY	3	14,3	14,3	28 FR	1	1,11	1,11	28 SØ				28 ON	18	18,15	6,2,18,15	28 ON	18	18,15	6,2,18,15
29 SØ								29 ON	2	6,2	6,2	29 LØ				29 MA	4	4	4	29 TO	17	17,16	9,10,17,16	29 TO	17	17,16	9,10,17,16
30 MA	8	12,8	12,8					30 TO	10	9,10	9,10	30 SØ				30 TY	7	7	7	30 FR	13	13,5	1,11,13,5	30 FR	13	13,5	1,11,13,5
31 TY	3	14,3	14,3					31 FR	11	1,11	1,11					31 ON	18	18,15	18,15								

MATAVFALLET MÅ IKKJE KASTAST I RESTAVFALLET!

HUGS Å SETTE UT SEKKEN MED PLAST SAMAN MED PAPIRET!

Soneinndeling for tømmekealendar

- Sone 1** Trengereid, Kallestad, Dala, Tellnes, Haganes og Fjell gard sør for vegkryss ved kyrkja
- Sone 2** Svingen, Arefjord, Storevarden og Straumsfjellet
- Sone 3** Hjelteryggen
- Sone 4** Knappskog, Fjæreide og Geitanger
- Sone 5** Åttringen, Grunnvågen og Larslia til og med Foldnesvegen 179
- Sone 6** Åse, Skoge, Møvika, Skålvika sør, til og med Engeshaugen, Lokøyna, Syltøyna og Langøyna sør for krysset
- Sone 7** Bildøybakken, Kolltveit, Morland og Morlandstø
- Sone 8** Foldnes, Anglavik og Vågo
- Sone 9** Ulveseth, Nordvika, Neset, Ekren, Kleivane og nordre del av Fjell gard til Blommen
- Sone 10** Brattholmen, Snekkevika, Ebbesvika, Gavlen og Tonafeltet
- Sone 11** Knarrvika, Valen og Bjørøyna
- Sone 12** Spjeld og Ågotnes
- Sone 13** Polleide, Angeltveit, Landro sør for Sanden og Ågotnes Helsehus
- Sone 14** Algrøyna, Langøyna nord for krysset, Øyavegen, Skålvika Nord fra og med Torvmarkvegen, Eide, Kårtveit, Sekkingstad til og med Valderhaug
- Sone 15** Døsjø, Ekrhovda, Lie, Liaskjæret og Bildøyna
- Sone 16** Straume utan Straumsfjellet
- Sone 17** Solsvika, Misje, Landro nord fra og med Sanden og Vindenes
- Sone 18** Turøyna



Endra dag for avfallshenting i jule- og nyårshelga

Enkelte stadar får ny hentedag for bosset. Alle dei andre rutene går som normalt. I år vil nyårsaftan vere vanleg hentedag. Tømmekealendar og desse endringane finn du og på www.fjellvar.as

SONE	STAD	AVFALLSTYPE	NY HENTEDAG
4	Knappskog, Fjæreide og Geitanger	Papiravfall Plastavfall	Tysdag 27.12.
4	Knappskog, Fjæreide og Geitanger	Restavfall Matavfall	Tysdag 27.12.

OPNINGSTIDER I JULE- OG NYTTÅRSHELGA

Gjenbruksstasjonen og kontoret vårt i Lonavegen 20 vil vere stengt jule- og nyttårsaftan.

Frå tysdag 27.12.16 til fredag 30.12.16 er det ope frå kl. 08.00 - 15.00.

På grunn av redusert bemanning, kan det henda at vi ikkje kan gje deg like raske svar desse dagane som elles i året.

Kampanje i desember

Inngå eFaktura eller AvtaleGiro på fakturaer frå FjellVAR før 31. desember 2016 og bli med i trekninga av eit nettbrett!

Vi ynskjer alle ei god jul og eit riktig godt nyttår!